Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 02.06.2014 |
| Vår: 14/609 - 14/8656 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

# Høyring - Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona og kommuneplanen sin arealdel for tilbygg til hytte på gbnr 51/29 i Meland kommune

Det vert vist til søknad motteke 23.4.2014 frå Are Markussen om dispensasjon for fasadeendring og oppføring av tilbygg under 50 m² til eksisterande hytte på gbnr 51/29 i Meland kommune.

<u>Plangrunnlag:</u>
Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde). Eksisterande hytte ligg om lag 15-20 meter får sjø.

<u>Søknad om dispensasjon:</u>
Det vart i søknad motteke 23.4.2014 søkt om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i strandsona og kommuneplanen sin arealdel, sjå vedlegg.

<u>Nabovarsel:</u>
Søknaden vart nabovarsla 22.4.2014 utan merknader.

<u>Dispensasjon etter pbl kap 1 og § 19-2:</u>
Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.
I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar*.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

<u>Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.</u>

Det går fram av opplysningane i søknaden at saka gjeld mindre tilbygg til eksisterande fritidsbustad som eit ledd i vedlikehald av eksisterande bygningsmasse og utbetring av hytte til betre å kunne stette behovet til dagens bruk. Strandsona rundt fritidsbustaden er utbygd og strandlinja er omgjeve av evjebunn som ikkje er eigna til fiske, bading eller båtplass.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Tore Johan Erstad |
| sektorsjef teknisk | konsulent byggjesak |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg: Dispensasjonssøknad med vedlegg, 10 sider

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland Fylkeskommune | Regionalavdelinga | 5020 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Kommunal-/samfunnsplanavdeling | 5020 | BERGEN |